

Referat - Leiarmøte i Rogaland Sau og Geit

Bryne Kro & Hotell, Bryne 10. og 11. oktober 2014

Leiar i Klepp Sau og Geit, Einar Svella opna møtet og gav ordet til Ordføreren i Klepp

Ordfører i Klepp, Ane Mari Braut Nese, takka for invitasjonen. Ho fortalde om Klepp Kommune som har 18600 innbyggjar, mange av dei er unge, ein kommune i vekst. Nedgang av bønder men større bruk og auka matproduksjon. Ei fin orientering om kommunen og informasjon om Jærrådet.

Opprop v/Berge Kjell Opsal

Gledelig at alle vereringane var representert. Det var 8 lokallag som ikkje møtte, -Forsand, Jøsenfjorden, Kvitsøy, Sandeid, Sokndal og Heskestad, Sola, Ølen og Årdal.

Leiarens tale v/ Magne Jakob Bjørheim

- Det er underdekning av lammekjøtt, alle må produsere meir. Det har vore mykje snø i høgheiane, gode beiter og resultatet er rekordstore lam. Me har eit prosjekt med Innovasjon Norge, Fylkesmannen og Fylkeskommunen for å få meir sau i heia. Stor takk til dei for støtte og godt samarbeid. Det har vore ein del lyng/skogbrannar som kanskje kunne vore unngått dersom det hadde vore meir beitedyr. Når det gjeld rovdyrta, gi beskjed til rovviltkontakt i ditt område
- RSG har 50 000 kr til revepremie som fordeles til lokallaga. Meld frå til Alf Torstein innan 1. desember
- Det er nå god kontroll på fotråte, prosjektet er slutt og Mattilsynet overtar frå 2015
- Fjelldagane i Stjørdal var ein fin tur, og me håper på rekruttering. Takk til Olaug og Leif for godt opplegg og sponsarane for støtte.
- Rogaland er best på medlemsverving, det må me halda fram med
- RSG fekk innspel på årsmøtet om å ha stand 5 stader,- då må lokallaga stilla og invitera oss med
- Sauekontrollen er blitt mykje betre, nå ventar me på Appèn for mobiltelefon og nettbrett
- RSG vil ha innspel frå lokallaga til Jordbruksforhandlingane
- Me bør få meir midlar til å driva heiane for å få ungdommane med

Innspel /spørsmål frå salen:

Dokumentasjon av rovdyrta,- kva med viltkamera? Magne Jakob undersøker

Kva må dokumenterast for å få erstatning? Svar: Meld frå til rovviltkontakt

RSG må involvere seg i forslaget om grense for å bli momsregistrert frå 50 000-150 000 kr

Økonomi i saueholdet, nye tilskotsordninger v/Svein Olav Tengesdal

Svein Olav Tengesdal innleia med at det er veldig lurt med prosjekt! «Auka produksjon på sau i Rogaland» skapte engasjement men klarte ikkje auka sau som forventa. Svein Olav hadde eit engasjerande og godt innlegg der det kom fram korleis inntekt/utgift har endra seg frå 2007-2015. Les presentasjonen på www.nsg.no

Godstoff AS, Norsk ull ei flott råvare v/Carina Sandsmark Øvestad

Carina Sandsmark Øvestad takka for å bli invitert til å profilere seg, og ho ville ha innspel for å lære meir om ull. Ho hadde slutta i sin tidlegare jobb for nå å jobbe med Norsk ull. Det er strikkebølge i landet nå, Norsk ull er god, den er slitesterk, har god spenst, overlegen glans og slitestyrke og har lang levetid. Det er det norske klima som er årsaken til dette. Carina selger på nettbutikken www.nettkatalogen.no/firmainfo/godstoff

Lokallaga sin time

Lokallaga var engasjert og kom med spørsmål og gode innspill, som RSG vil jobba med:

- NM i saueklypping i Bjerkreim neste år, RSG må stilla
- Bjerkreim skal ha treff for unge bønder 29.oktober
- Ynskje om å ha leiarmøte utanom haustferie. *Svar: Årsak er kjøreplanen til NSG. Er det økonomien i smålaga som er årsak til at dei ikkje møter*
- Ullinnsamling er viktig for økonomien
- Sauabingo gir god inntekt
- Ynskje om kurs, til døme: Web, Faglege studieringer, Sauekontrollen
- Kåring krev medlemskap i Sau og Geit. *Svar: Det er Sau og Geit som er arrangør av kåring*
- RSG må besøke lokallag som ikkje møter på leiarmøte/årsmøte
- Problem med mail, ynskjer å sende SMS
- Tilgang til NSG sine opplysning om verene i ringane
- Ynskje om å vere saman med vereringane denne timen neste år
- Leiting etter sau i tome heiområdet. *Svar: Søknad om støtte sendes til Bjarne Østerhus. Prøv og å få dialog med jegeberane*
- Radiobjøller, veldig bra, har skapt interesse, arbeid med å få ned prisen
- Ny sauebonde/medlem,- har me ein Mentortjeneste?
- Ledig plass for sau i Vest-Agder? *Svar: Vest-Agder er glad for sau som kjem og beiter*

Fellesmiddag

Under middagen vart pensjonert veterinær professor Martha Ulvund hedra for sitt arbeid med småfe.(Omtale av dette vil koma i Årsmelding)

Kåring 2014 v/Per Johan Lyse

Kåringsansvarleg, Per Johan Lyse informerte litt frå sesongen. Dommerane hadde kurs på Særheim før kåringane, der dei dømde texel for å bli samkøyrte. Det skulle vore andre rase også, men det vart dessverre ikkje. Oddbjørn Laksesvela og Alf Torstein Pettersen er ny dommar dette året. Det er blitt fleire kåringssjå som skaper miljø og trivsel og det positivt

Levande lynghei v/Magnus Søyland

Magnus Søyland driv gard på Søyland i Gjesdal saman med kona Anne Karin, som driv Søya Gard. Produksjon er mjølk og sau. Magnus ville gjødsle opp beite, tok kontakt med Fylkesmannen, viste bilete om planane, og det vart til sist positivt. Prosjekt med politi og brannvesen for å brenna og rydda, og det er beiting og vegar som begrensar brann. Magnus hadde eitt engasjerande og godt innlegg som ligg på www.nsg.no

Grûnder, direktør i E-Plug, Thomas Bergan Johansen

Thomas Bergan Johansen fortalde om veien til å bli grûnder av E-Plug. Han sa opp sin godt betalte jobb i Statoil, solgte hus og hytte, investerte alt og greip sjansen og mulegheita til å

skape noko. Den som ikkje tør å satse og å feile får heller ikkje gjort noko. Det er kun det fysiske og moder jord som kan stoppe deg. Viktige punkter var:

- Fokus, stå på vilje, motivere kvarandre
- Oppsøke utfordringen
- Skaperglede

SKAL BLI BEST! Målet er nådd og E-plug er ein realitet. Inspirerende å høyra på Thomas

Lunsj og heimreis